



Her gikk Springvegen. Huset t.h. er hjørnet på arbeidarbustad nr. 2 i Gatå, rekna nedanfrå. Hus nr. 3, som låg t.v., er rive. På begge sider av Springvegen var det hagar. Vatnposten (kummen med vatntilførsel) var truleg plassert i området der vegegen nå går.

Foto: Finn Hesjedal.

## SPRINGVEGEN

---

Finn Hesjedal

---

## Daledagane 2012 - Opning av Springvegen.

I det rikhaldige programmet for årets Dale-dagar hadde eg merka meg ut - "Opninga av Springvegen 2" - som særskild interessant. Dette fordi eg, gjennom min far og besteforeldre som var fødde og vaks opp i dette området, har fått ein viss "nærleik" til Springvegen. Diverre rakk eg ikkje fram til årets Dale-dagar, då eg av helseomsyn måtte gjere vendereise etter å ha komme vel halvvegs til Dale.

Kommentar: Det eg kan lesa frå referat i VaksdalPosten om markeringa i Springvegen, samsvarar dårleg med det tankebiletet eg har av dei historiske tilhøva i, - og rundt, Springvegen.

Plasseringa og utforminga av ein spring på forstøttningsmuren under det nye huset på Søviktomta, ser eg på meir som ein kuriositet enn ei historisk gjenskaping, og Springvegen var opphavleg vegstumpen frå Gata og ned til Bråtet.

I daglegtalen vart, etter kvart, snarvegen ned til Nestevegen omtala som tilhøyrande Springvegen, men er altså ikkje den opphavlege slik mange i dag trur. Frå ordføraren sin opningstale er lite referert, så der kan det sjølvsagt ha blitt fortalt ting som meir samsvarar med det tankebiletet eg har av dette.

Historia om Springvegen - slik eg tolkar den.

Den sikre vassføringa i Dale-elva var den avgjerande føresetnaden for at Dale Fabrikker vart bygd. Det trongst mykje og sikkert vatn under trykk til drift av maskiner, og til sjølve produksjonsprosessen.

Like viktig var det å framskaffe vatn til den busetnaden som skulle koma på Lauvgardsflåten. Spørsmålet om dette vatnet kunne finnast der oppe, vart kanskje drøfta.

Den einaste bekken som eg minnest rann gjennom Lauvgardsflåten, og som kanskje kunne ha vore aktuell som vasskjelde ei kort tid i etableringsfasen, er bekken som fortsatt kjem frå den vesle myra i dalsøkket ovanfor Lia. Ein liten hoppbakke, "Skuggelibakken", var tidvis i bruk der oppe.

Bekken gjekk mest nede i bakken på si ferd nedover, før den stundom viste seg fram som eit lite, men viltert, fossefall mellom husa til Hans Langhelle og Jakob Vassdal. Kvar vatnet vidare tok vegen mot elva den første tida, veit eg ikkje.

Seinare var bekkefaret ei grøft med trapesforma tverrsnitt, som var grave tvers over "Liamarka" rett fram mot vedbu/vaskehus til bustadhus i Dalseidvegen (nr.3 frå nord). Der forsvann bekken ned i bakken, gjennom ei stor jernrist.

Som permanent vasskjelde for det nye Dalesamfunnet var denne bekken ikkje noko sikker løysing. Vassføringa var ujamn og varierte i takt med nedbør- og tørkeperiodar. I kuldeperiodar vinterstid var bekken atffrosen. ( Som 4-5 åring tok eg mine første skeisetak med snabelskeiser, på isen nede i denne grøfta, som kunne være om lag 1-1,5 meter brei i botnen.)

Slik eg ser det, måtte avgjerda om å føra fram elvevatn til bustadfeltet på Lauvgardsflåten vere lett å ta. Det var berre denne løysinga som kunne gi hushaldningane på Dale sikkert vatn.

Det vart derfor lagt fram vatn i røyr frå fabrikk til eit uttak som var plassert - "mellom og på baksida av arbeiderbustad nummer to og tre". (Karl Hesjedal i "Samarbeid i trivsels tegn" v/ Ole Petter Lien).

I den historiske skildringa om "Dalebyen i eldre tider", som min bestefar Nils Hesjedal (1883-1954) skreiv i 1950, kan vi lese:

*" Vatn laut ein bera frå Springvegen, der det stod ein spring. Det var ei stor kumme, murd av gråstein med avlaup i botn, til ei grøft som gjekk ned mot elva. To springrøyr ca. 1,5 tomme kom opp på baksida av kumma, og dei rann dag og natt utan stogg. Det var ingen krane til å stenge med. Kven som helst kunne finna seg vatn her. Her henta folk vatnet dei trengde, og her vaska og skylde dei kleda sine. Det stod ofte 4 store stampar under springen og når 4-5 kjerringar skylde og banka klær var det ikkje godt og høyra noko anna.*

*So hende det i kalde vintrar at vatnet fraus i springen og då laut me bera vatnet or elva eller jernbaneskjæringa, rett nedanfor hotellet. Der var ei oppkome med tindrande klårt vatn og over den var bygd som eit lite hus av sviller, for jernbana tok vatn der til sine folk. Mange av oss som lever i dag har bore mang ei vassferd på vassele frå skjeringa eller elva. Fram gjennom 90-åra var det mange som la vatn og kloakk inn i husa der dei budde.*

*Dei gjorde det på den måten at alle i eit av dei gamle husa på nedsida av gata gjekk saman, grov ei grøft frå springen til huset, fekk rørleggjar til å leggja røyrane ned og so førde dei vassleidningen fram til dei ymse kjøkken. Langs fortauskanten gjekk ei grøft, der dei førde ut spillvatnet."*

Desse utsegnene meiner eg klargjer at kummen med "Springen" låg på flata mellom Gata og Bråtet. Den oppmurde kummen, saman med 4-5 vaskestampar, like mange koner med banketre, baljer, bøtter og spann, krov meir plass enn det var praktisk å få til nede i skråninga mot Nestevegen. Gamle bilete viser heller ikkje teikn til at "Springen" var der nede.


At den viktige vegstumpen frå Gata og fram mot Bråtet, der vassposten stod, vart kalla "Springvegen", er vel både forståeleg og naturleg.

### **Busetnad i Springvegen.**

Etter at jernbana var sett i drift i 1883, vart fabrikkens sitt lagerhus for steinkol, som sto på Dalebryggja, flytt opp til Dale og sett opp fremst på Bråtet, på vestsida av Springvegen. Dette huset skulle hysa 4 familiar.

Kven som flytte inn der først, har eg ingen kunnskap om. Dei som eg veit budde der på 1910-1930 talet var:

I austre enden, 1. høgda: Ola og Kari Stokke. 2.høgda: bestefar min og bestemor mi, Nils og Malena Hesjedal. Tidleg på 1930-talet flytta dei i Murhuset. Etter det flytta Ole I. og Amanda Hesjedal inn her.



Steintrappa som førte frå Nestevegen oppover mot Springvegen. T.v. Håvaldshuset, i bakgrunnen på Bråtet, Kollageret som vart bustad. Guten på biletet er ukjend. Foto: Andreas Arne.

I vestre enden, 1. høgda: Bernt og Gjertina Seim. 2. høgda: oldefar min og oldemor mi, Henrik og Anna Maria Breistein. Henrik og Anna Maria var truleg av dei første som budde i dette huset.

Nedanfor, under Bråtet, mot Nestevegen (no Fabrikkvegen), vart det tidleg sett opp ein arbeidarbustad for 8 familiar. Bestefar og andre eldre kalla det for Håvaldshuset, seinare er det blitt kalla Grøslanndhuset. Av dei familiare som budde

der på 1930- og 1940-talet, hugsar eg Edvard Grøslund, Thomas Hille, Johannes Mikkelsen og Jens Thunestvedt.

Tomta til Håvaldshuset vart delvis grave inn i bakken, og den gamle støttemuren er nyleg erstatta av ein ny. Dette skjedde i samband med bygging av nytt bustadhus på Søvik-tomta og utbetring av gangvegen opp til Bråtet.

Inngangen til husværa var på baksida (mot bakken). I 2.høgda var det laga gangbruer frå eit lite platå ovanfor denne store muren og inn på huset. I muren på austsida var det laga trapp opp til dette platået.

Tidleg på 1890-talet førde Ole Johnssen Søvik og kona Unna opp eit hus (kalla Søvikhuset) på Bråtet, på nordsida av Springvegen. Sønene, John Martin og Martin med familiar, var busette der. Karolina og Johannes Taule m/familie var leigetakarar i huset.

For dei som budde nedunder Bråtet, tenkjer eg at det er rimeleg å tru at dei tok beinvegen opp skråninga når dei skulle hente vatn frå Springen, eller handle varer oppe i Gata. Slik eg ser det, var det den første tida ingen opparbeidd sti/veg. Den meiner eg kom først etter at Søvikhuset og den store forstøttningsmuren der oppe blei bygt i byrjinga av 1890-talet. (Søvik-tomta var feste nr.1 under Gnr. 22 / Bnr.2. Grunnsetel dagsett i 1891.)

Etter kvart vart namnet Springvegen i daglegtalet brukt på heile strekninga Gata-Bråtet, og ned til Nestevegen.

### **Sosialt treffpunkt.**

Som einaste vasskjelde for den store folkemengda som busette seg på Dale i samband med at fabrikkjen starta opp i 1879, tenkjer eg at det må ha vore stor ferdsle i Springvegen. Ingen av husa hadde på 1880-talet innlagt vatn, så både barn og vaksne var jamt innom Springen, for å henta det vatnet som trongst til hushaldninga. Når ein der møtte andre som var ute i same ærend, vart det gjerne ein prat der ein utveksla og kommenterte meir og mindre viktige hendingar. Springvegen var på denne tida, slik eg ser det, eit viktig sosialt treffpunkt både for store og små.